



I ferd med å sikra taket etter skadene i Korsnes.

**Vinden siste døgnet har vore svært kraftig i kasta ein del stader i Uskedalen. At ein melder om enorme krefter einkilde stader medan andre ikkje har opplevd noko særleg unormalt, fortel at dei kraftige stormbygene har vore av lokal karakter. Det viser også skadene vi har fått melding om til no.**



Denne bygningsbrakkavart teken av stormen.

Det er frå Ospelunden og Korsnes vi har fått melding om skadar. I indre delen av Ospelundfeltet vart ei bygningsbrakke teken av vinden og den landa på kanten like ovanfor dei inste leileghetene. Denne brakka fekke knuseskader og er no flytta tilbake og sikra. Frå byggjeplassen øvst i feltet fauk det plankar og beslag, og dette førte mellom anna til knust bakrute på ein bil. Det resulterte også i knust takstein, ei kraftig bulka takrenne, og det vart framleis oppdaga nye skadar. Då eg var oppom vart det oppdaga sprekkskade på eit vindauge. Ein forbipasserande hadde også registrert ein del spikar i vegen som han hadde prøvd å plukka vekk. I Korsnes hadde ei kraftig vindflage vridd kjølen og teke med seg deler av taket på eit hus. Ein takstein hadde truffe ein nabobil i sida. Eigaren av huset kunne fortelja at det regna små glasbitar i ei av dei kraftigaste flagene. Han ante ikkje kor glaset kom frå. Snikkar Jan Øvstebø var i ferd med å sikra taket i føremiddagstimane i dag.

Dersom vi får inn melding om fleire skadar i løpet av dagen, vert denne saka oppdatert.



Bakruta på denne bilen vart knust.



Solide krefter! Kraftig bulk i takrenna.



Sprekk i vindauge vart og oppdaga.



Skade på bil av flygande takstein.(Foto: Privat)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Søsland